

Referat frå årsmøtet 2009

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I BØMLO TUR- OG SOGELAG 25.03.2009

Møtet vart halde på Hillestveit skule.

I alt 17 medlemmer møtte.

Leiar i laget, Norvald Nytveit, ønskte velkommen og leia møtet.

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

Sak 1 Årsmelding

Norvald Nytveit las årsmeldinga utarbeidd av sekretær Odd Engen.

Merknader til årsmeldinga:

Det forelåg skriv frå Svanhild Vespestad vedr. lekkasje i taket på Hilleborgstova. Ho hadde vore i kontakt med Sunnhordland Museum for å få hjelp til å utbetra skaden. Det viser seg no at skaden ikkje er større enn at han kan utbetrast ved hjelp av lokale krefter.

Norvald Nytveit orienterte om siste nytt vedr. Ådnahytta. Svein Strand har tatt på seg arbeidet med å setja hytta i stand. Det vart etterlyst gode idear til bruk av hytta. Kasserar Ruth Berny Lønning las skriv frå Direktoratet for naturforvaltning, der det kjem fram at Bømlø Tur- og Sogelag får overta hytta. Det vart vidare kommentert frå kasserar at straummålaren i Ådnahytta må lesast av. Det kom stadig inn rekningar med stipulert straumforbruk. Ein bør ta opp med Finnås Kraftlag korleis ein kan få billigast straum-tariff.

Det vart kommentert at ei pengegåve på kr 2.000,- til Fridtun burde vore nemnt i årsmeldinga.

Dugnader, og dei som utfører dugnad, burde vore nemnt i årsmeldinga.

Ruth Berny Lønning kommenterte at søknaden til Finnås Kraftlag, som er nemnt i årsmeldinga, eigentleg var på kr 96.000, . Vi fekk innvilga kr 20.000,-. Desse pengane må dokumenterast brukt til søknadsføremålet innan eitt år.

Årsmeldinga vart vedtatt.

Sak 2 Rekneskap

Ruth Berny gjennomgjekk rekneskapen.

Under gjennomgang av rekneskapen kom det fram følgjande merknader:

-Leigeavtalen med Eidesvik AS for Olsahuset må reforhandlast. Dette må gjerast før 15. april.

-Det vart kommentert at det på møtet ikkje vart lagt fram budsjett for neste år.

Rekneskapen vart vedtatt.

Sak 3 Val

Leiar av valnemnda, Liv Olson, orienterte om komitéen sitt arbeid. Dei hadde hatt tre møte, og arbeidet elles vart gjort over telefon. Alle som stod på val hadde blitt spurde og takka ja. Valnemnda hadde i år lagt ned mykje arbeid med å følgja Bømlø Tur- og Sogelag sine vedtekter når det gjeld val. Dette hadde dei lukkast med, og forslaget deira var heilt i tråd med vedtektene. Når det gjeld restaureringsnemnda, hadde dei sett opp tilsynsfolk for kvart hus som laget disponerer. Dei andre nemndene må konstituera seg sjølv.

Valet vart så foretatt.

Leiar skal etter vedtektene veljast i eige val.

Norvald Nytveit vart samrøystes vald.

Dei andre vala vart gjort under eitt. Alle medlemmer av styret og nemnder vart samrøystes valde i samsvar med innstilling frå valnemnda (vedlegg).

Merknader frå årsmøtet til valet:

-Det vart kommentert at det ikkje var sett opp tilsynsperson for notabua på Holme

-Val av kursnemnd vart etterlyst. Kursnemnda vart foreslått nedlagt etter som det har vist seg å vera vanskeleg å få folk på kurs.

Valnemnda leverte skriv til styret vedr. ein del tankar dei hadde gjort seg under arbeidet (vedlagt).

Det vart minna om at styret må arrangera møte med alle nemndene, slik at målsetjingane for komande år vert gjennomførde.

Brønnøysundregisteret må ha melding om nytt styre.

Det vart så servert kaffi og mat.

Møtet slutt kl. 21.00.

Bømlo, 26.03.2009

Bernt Emil Vika

referent